



# **REFERAT FRÅ ÅRSMØTET 2011 JØSNESET BYGDARÅD**

**28.februar 2011 klokka 18.30  
i Trivelsstova.**

## **Frammøte:**

Frå styret: Berit S. Hjorteland, Silje Sværen, Helga Havnerås og Oddbjørn Fossaa  
9 andre møtte.

1. **Ordstyrar:** Oddbjørn Fossaa
2. Ingen merknadar til **innkalling og saksliste.**
3. **Årsmelding og rekneskap** blei gått gjennom. Det var feil at me hadde telt opp ved Jonsok-feiringa, elles ingen innvendingar til årsmeldinga. I rekneskapet var det ført opp kassabehaldning på 250,- som Berit ikkje kjenner til, så dette blir sjekka opp.
4. **Årsmelding og rekneskap for Jøsneset Bedehus** blei lagt fram av Trygve Brandal. Bedehuset er under oppussing pga vannskade. Fleire av dei frammøtte oppmoda bedehusstyret om å kalla inn til dugnad dersom dette trengst i arbeidet.
5. **Val.** Solveig Bog Bouzane møtte for valnemda. Valnemda sitt forslag blei einstemmig vedteke:  
Berit S. Hjorteland, ny leiar  
Odd Fossaa, Sven Westersjø og Cesilie Wåland er nye styremedlemmer  
Ola Skiftun er nytt varamedlem for 2 år  
Knut Foss er nytt varamedlem for 1 år  
Helga Havneraas er nytt medlem i valnemda

Oddbjørn Fossaa, Terje Bremnes og Helga Havneraas blei takka med blomar for innsatsen i Bygdarådet.

6. **Revidering av statutar.** Valnemna fann 2 ulike reglar for val av leiar; årsmøtet har no vedteke at leiar blir vald på årsmøtet.
7. **Disponering av konto for 17.mai-komiteen.** Då 17.mai-komiteen er ny frå år til år, er det ønskjeleg at Bygdarådet disponerer denne kontoen for å gjera naudsynte investeringar samt sleppa den årlege utskiftinga av kven som disponera denne kontoen. Det same gjeld Juletrefest-komiteen. Årsmøtet var enig i dette, og ga Bygdarådet i oppgåve å utforma vedtekter på området.

Forslag til vedtekter:

“Bygdarådet sin kasserar disponerer konto for 17. mai-komitè og juletrefest-komitè.

Utlegg som medlemar av desse komiteane har hatt i forbindelse med arrangementa blir refunderte mot kvittering.

Større utgifter til desse arrangementa kan fakturerast Bygdarådet .

Etter ferdig arbeid skal komiteane levera møtebok og andre dokument til Bygdarådet sin kasserar. Komiteane skal her leggja ved oversikt over utgifter/inntekter i forbindelse med arrangementa, samt forslag til evt naudsynte investeringar.

Bygdarådet sin kasserar skal signera når dette er gjennomlese.

Rekneskap for kontoane kal leggjast fram på Bygdarådet sitt årsmøte.”

#### 8. Eventuelt.

Det var spørsmål om kor langt ein var kome i prosessen med gatenavn, og Berit informerte om at dette arbeidet var stoppa opp pga forslag om like gatenavn fleire stader i kommunen.

Arthur Westersjø meinte ein burde vurdera å gje Trivselstova eit nytt namn, då t.d. gravferder ikkje passa med ordet “trivsel”.

Fleirtalet meinte likevel ein skulle behalda det innarbeida navnet.

Det blei informert om at Hjelmeland kommune er i gang med å projektera nytt kommunalt anlegg for vatn på Jøsneset, og årsmøtet meinte ein burde skipa til eit infomøte for å orientera folk i bygda om dette.

Oddbjørn Fossaa orienterte om eit initiativ til å få lys på muren rundt gravplassen, slik at det går an å besøka denne også i mørket. Oddbjørn har og teke på seg ansvaret for å få opp “Solbygda”-skiltet i Nesvik.

Jostein Hjorteland er i kontakt med kommunen om å selja tomt ved Bedehuset til opparbeiding av parkeringsplass her i forbindelse med masseuttak.

Skiftun 14.03.2011

Silje Sværen

---

Sven Westersjø sign.

---

Lars Reidar Nesvik sign.

---